



Medlemmar av Ungdomsrådet

Referanser:

Dykkar:

Vår: 17/3112 - 17/29860

Saksbehandlar:

Eileen M Feste

EMF@lindas.kommune.no

Dato:

20.10.2017

MØTE I UNGDOMSRÅDET 30. OKTOBER KL 1230-1500

Møtedato: mandag 30. oktober

Møtestad: Rådhuset, Formannskapssalen

Møtetid: 12:30-1445

Transport: For dei som treng transport, har vi sjekka busstider på www.skyss.no

Strekning	Avgangstider	Strekning	Avgangstider
Lindås til Knarvik	Kl 11.49	Knarvik til Lindås	Kl 14.45
Ostereidet senter til Knarvik	Kl 11.45	Knarvik til Ostereidet	Kl 14.45
Alverusnd til Knarvik	Kl 11.36	Knarvik til Alversund	Kl 14.45

Eventuelle forfall må meldast til Eileen M. Feste på sms til 95 76 53 92 eller per epost til eileen.feste@lindas.kommune.no

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

VELKOMEN SOM MEDLEM AV UNGDOMSRÅDET! 😊

Det er kjekt at du blir med i Ungdomsrådet! Ungdomsrådet er eit rådgjevande organ som skal kunne uttale seg i saker som er viktige for ungdom. Ungdomsrådet kan også setje sakar på dagsorden og komme med forslag til sakar som er viktige for ungdom i Lindås. Dei som sitter i Ungdomsrådet representerer all ungdom i Lindås og skal gi ungdom moglegheit for innflytelse.

Sakskart

Ungdomsrådet 2015/2016 «Kva gjorde vi og kva fikk vi til?»

v/Anette og Marius (tidlegare leiar og nestleiar i Ungdomsrådet)

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733



Sakar ein ønskje å fokusere på det neste året

Kva for saker ønskjer ungdomsrådet å fokusere på det neste året?

Kva er dine forventningar til dette året i ungdomsrådet? Kva trur du ungdomsrådet kan få til av saker? Er det noen saker du brenn for?

Nye Alver kommune

Korleis ser du for deg at ungdomsrådene i Lindås, Meland og Radøy kan samarbeide fram mot ny kommune i 2020? Kva for saker kan vere aktuelle? Korleis skal vi engasjere oss i å skape felles kultur- og identitet, og korleis engasjere andre ungdom?

Val av leiar og nestleiar

Ungdomsrådet skal velje leiar og nestleiar. Leiar si oppgåve er å leie møta i Ungdomsrådet og ha kontakt med sekretariatet (Eileen og Robert). Nestleiar skal leie møta når ikkje leiar kan vere tilstades.

Nettverksamling

Ungdommens fylkesutval har invitert alle ungdomsråda i Hordaland til ei Nettverksamling på Scandic Bergen Airport Hotel 4.-5. november. Målet for samlinga er samarbeid mellom ungdomsråda og Ungdommens fylkesutval, men årets tema er skule og miljø i framtidas Hordaland. I tillegg vil samlinga ha fokus retta mot førebuing til Ungdommens fylkesting som vert arrangert i februar.

Ungdomsrådet i Lindås kan sende 2-3 deltakare. Lindås kommune dekker opphald/deltakaravgift.

Har du spørsmål – ta kontakt med Eileen (95 76 53 92) eller Robert (95 52 20 70)

Vi gler oss til å møte deg og resten av Ungdomsrådet 😊

Med helsing

Eileen M Feste
Kulturkonsulent

Robert Lorang Hansen
Ungdomskoordinator

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Medlemmar av Ungdomsrådet